

Møtereferat styremøte

FONNES BYGDELAG

Sted: PSW lokaler

Dato: 15.11.2023 kl. 18:30

Deltakarar: Øystein Austrheim, Monica Fonnes, Harald Sognnes, Hege Ramsland, Arild Tresvik og Helge Nyheim

Kopi: Ida G. Fonnes og Idunn H. Brubakken

Referent: Harald Sognnes

Øystein informerte om at Idunn H. Brubakken ikkje kunne vera med i styret lenger.

Saksliste:

1. Referat frå forrige møte
2. Oppsummering/evaluering av Fonesdagane v/ Gerd Mari
3. Økonomistatus
4. Informasjon
5. Aksjonsliste
6. Flytebrygge prosjekt Årvika, ref. e-post fra Bjørnar Fjellhaug
7. Fonesvågen veien vidare v/Harald
8. Eventuelt

Referat:

1. Referat frå forrige møte
Referatet frå møtet 13.09.2023 vart gjennomgått og godkjent.
2. Oppsummering/evaluering av Fonesdagane v/ Gerd Mari
Telta til arrangementet var ikkje klare då dei skulle leverast på onsdag. Dei var heller ikkje reingjort. Leverandøren klaga på at han måtte levara telta tidlegare enn han hadde fått oppgitt, at det skulle vera fredag. På grunn av dette og at tidlegare kostnad dei har tatt for tillaging og reingjering hadde vore alt for lav, vart kostnaden auka frå 8000 kroner til 13800 kroner. Dette vart diskutert i møtet, og ein konkluderte med at fakturaen vert betalt.
Til fredagskonserten vart det kun seld 100 billetter. Noko som gir eit underskot for denne.
Fonesdagen var godt besøkt. Det vart noko ventetid på bussen frå parkeringsplassen på Molokaaien.
Gudstenesta måtte flyttast til teltet på Foneskaaien på grunn av været. Denne gongen var det trilling dåp.
Det kom opp forslag om at AVS lagar stolholdere og scene til Fonesdagane, Gerd Mari sender mail.
Det er kome mail til Fonesdagen med krav om TONO avgift/tillatelse til fredagskonserten.

Det vart lansert ein ide om å pynta telta med garn/not til neste gong.
Arbeidsgruppa for Fønnesdagen treng forsterkingar.
Det vert vurdert om Fønnes bygdelag saman med Landbruksdagen og Austrheim
Kommune skal overta telta.

3. Økonomistatus

Økonomien i laget er fortsett svært god. Det er 530 000 kroner på konto.

4. Informasjon

Invitasjon til å delta i Levekårsutvalet i kommunen til idedugnad.
Mail med positiv omtale av informasjonsskilta om kulturlandskap langs stien til
Vardetangen og ved Dagsturhytta. Det er lagt ut ein QR-kode med spørjeundersøking
vedrørende kunnskapsdeling om kulturlandskap.

5. Aksjonslista

Aksjonslista vart ikkje gjennomgått.

6. Status prosjekta

a) Flytebrygge prosjekt Årvika, ref. e-post fra Bjørnar Fjellhaug
Arild kontaktar Gardbrukerservice for søknadsprosess/fortøying.

b) Fønnesvågen vegen vidare v/Harald

Harald orienterte frå arbeidet i gruppa NF. Landskapsarkitekt Jarle Skjold i Asplan Viak
har laga et forslag til arbeidsoppgåver for utforming av turvegen, piren og
parkeringsplassen for å kunne laga søknad om tippemidlar. Dette gjev eit
honorarbudsjet på om lag 130 000 eks. mva. Før ein kan ta beslutning om dette må det
snakkast med grunneigarane. Harald kontaktar Jarle Skjold om han kan være med på eit
fellesmøte med bygdelaget og arbeidsgruppa i januar 2024.

7. Eventuelt.

a) Øystein orienterte om eit utkast til maleri av Årevikane- Vardetangen frå Olaug
Sætre. Maleriet var fint, men Øystein ber om eit nytt utkast som og omhandlar Nordre
Fønnesvågen

Møtet slutt 20:00